

Lambertseter, 26. februar 2025

Nordstrand og Søndre Nordstrand Nei til EU

Til medlemene

INNKALLING TIL ÅRSMØTE 2025

torsdag 3. april 2025 kl. 19.00–21.00

på Lambertseter gard, Langbølgen 2C, rom Bjørnholtet i 2. etasje

Saker:

- 1) Godkjenning av innkalling og saklista
- 2) Val av ordstyrar, møteskrivar og underskrivarar av møteboka
- 3) Årsmelding 2024–2025
- 4) Rekneskap 2024
- 5) Innkomne framlegg (frist for å senda inn: 18. mars)
- 6) Arbeidsplan 2025–2026
- 7) Budsjett 2025
- 8) Val (leiar, minst fire styremedlemer, to varamedlemer, revisor og valnemnd)
- 9) Underskriving av møteboka

Føre det formelle årsmøtet er det politisk innlegg om hovudsaker for Nei til EU ved politisk rådgjevar i Nei til EU, Alexander Fossen Lange.

Lett servering mellom det politiske innlegget og årsmøtesakene.

Har du spørsmål om årsmøtet? Kontakt Håvard Tangen, tlf. 934 24 325 eller e-post: haav.tangen@gmail.com.

Beste helsing

Styret i Nordstrand og Søndre Nordstrand Nei til EU

Årsmelding for Nordstrand og Søndre Nordstrand Nei til EU 2024–2025

Styret: Håvard Tangen (leiar), Trine Dønhaug (nestleiar), Arnfinn Schjalm (kasserar), styremedlemer Knut Egill Thesen (døydde 13.7.2024), Morten Steensen, Kerstin Huddberg og varamedlemer Kristin Mulleng Sezer og Kristen Turtum.

Revisor: Bjørn Heiberg

Valnemnd: Ingebjørg Gram og Odd M. Trondsen

Styremøte i perioden: 25. april 2024, 6. juni, 5. september, 10. oktober, 28. november, 6. februar 2025, 13. mars, i alt sju styremøte.

Medlemstal: 157 medlemmer i 2024.

Aktivitet

Årsmøtet vart halde 25. april 2024 hadde grei oppslutning. Generalsekretær Kjell Arnestad fortalde om aktuelle EU-saker.

Sumarsamlinga 6. juni samla EU-motstandarar frå både lokallaget, fylkeslaget og gjester frå Akershus, Hedmark og Hordaland. Hovudinnlegget heldt dagleg leiar og spaltist i Klassekampen, Christian Anton Smedshaug, som hadde teke ut dissens i det offentlege utvalet som såg på EØS-avtalen. Elles las Vilde Dalen Andresen dikt og Kim René Hamre helsa frå Ungdom mot EU. Flinke styremedlemmer stod for gryterett, salat og kaker til alle dei frammøtte.

Det var helsepolitisk seminar om EU og helsedirektivet 30. november. Kerstin Huddberg møtte frå laget vårt. Ho var òg delegat ti landsmøtet i Nei til EU på Hamar 8.–10. november. Kerstin møtte òg på kvinnekonferansen 19. oktober. Arnfinn Schjalm møtte på landbrukspolitisk EU-seminar 1. november.

Julemarknaden gjekk føre seg for 30. gong laurdag 7. desember i Bygdelagshuset i Nordahl Bruns gate 22. Mange i lokallaget vårt er aktive i dette arbeidet, og ei rekkje medlemmer kom og gjorde ein god handel. Marknaden er viktig både sosialt og økonomisk for nei-rørsla i Oslo. Det kom inn om lag 77 000 kr. Ein vonar å kunna halda fram med ny marknad i 2025, men skal dette lukkast, må nye og yngre krefter melda seg.

Det har vore utdelingsaksjonar og stand på Lambertseter senter, Holmlia senter og Mortensrud T-banestasjon (morgonaksjon).

Politisk oppsummering

28. november 2024 var det 30 år sidan det norske folket sa nei til EU for andre gong. Det er enno eit klårt fleirtal i folket mot EU-medlemskap, og misnøyen og motstanden mot EØS-avtalen er aukande. Fornybardirektivet flytter endå meir makt bort frå norske folkevalde organ til EU-organ endå Noreg ikkje er EU-medlem. Landet vårt har rik tilførsel av rein og grøn energi, og politikarane må sjå til at denne energien kjem innbyggjarane våre og eigen industri til gode. Straumen skal vera eit fellesgode og ikkje ei handelsvare. Den politiske breidda innanfor nei-alliansen blir etter kvart endå breiare. Det er både spanande og utfordrande. Ein må arbeida vidare med å nå fram til dei aller yngste med røysterett og presentera aktuelle nei-argument for dei.

Minneord om Knut Egill Thesen

Ein av våre mest aktive styremedlemer gjekk brått og uventa bort sumaren 2024, Knut Egill Thesen. Ikkje berre var han eit fenomen når det galdt utdeling av flygeblad og aviser. Han sytte for å baka kaker til alle møte i lokallaget, styremøte, medlemsmøte og årsmøte. På denne måten medverka han til eit godt og sosialt miljø, og Knut Egill hadde ofte òg ein kvikk og humoristisk replikk på lur. Me saknar han og minnest innsatsen han gjorde for nei-rørsla gjennom mange år.

Arbeidsplan 2025–2026

Nordstrand og Søndre Nordstrand Nei til EU vil vera med på sentrale kampanjar og aksjonar og hjelpa til økonomisk og praktisk med aktivitetar i Nei til EU. Lokalt vil laget på denne måten gjera sitt til å realisera Nei til Eus mål og arbeidsplan.

Laget ynskjer å invitera til ei ny sumarsamling på Lambertseter torsdag 12. juni. Me søkjer samarbeid med ungdomen, fylkeslaget og dei andre lokale kontaktane i Oslo.

Det skal vera utdelingsaksjonar med aktuelle brosjyrar.

I samband med aksjonane skal det vervast medlemer. Ein kan òg hjelpa til med purring av medlemspengar.

Hjelp til julemarknaden om dette arbeidet held fram.

Støtte til annan aktivitet i Oslo fylkeslag.

Vidare arbeid med å sortera gamalt lagsarkiv.

Rekneskap 2024 og budsjett 2025 kjem seinare.